



Vindafjord kommune v/kommunalsjef Liv Tokerud
Rådhuset
5580 ØLEN

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med Vindafjord kommune - skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Vi viser til tidlegare kontakt på telefon.

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skuleeigarar og skular

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgjenge til lokale og anlegg når det er nødvendig for å ivareta Fylkesmannen sine oppgaver, jf. kommunelova § 60 c.

Tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Det blei i 2010-2013 gjennomført felles nasjonalt tilsyn med temaet ”Skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø”, jf. opplæringslova kap. 9a, især § 9a-1. Fylkesmannen har fortsatt fokus på dette området, og gjennomfører derfor eigeninitierte tilsyn med kommunar som ikkje blei dekkja i den perioden det nasjonale tilsynet blei gjennomført.

Temaet for tilsynet er delt i tre delar:

1. Skulen sitt førebyggjande arbeid, jf. § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
2. Skulen si individretta handlingsplikt, jf. § 9a-3 andre og tredje ledd.
3. Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval, jf. §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Ein gjennomgang av dei rettslege krava ved tilsynet går fram av vedlegg 3.

Føremål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til ei styrking av arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane, og av skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd på skulen. Gjennom å undersøkje skulane sin praksis skal eventuelle regelbrot i samband med temaet for tilsynet avdekkjast. Fylkesmannen vil gjennom pålegg krevje at eventuelle regelbrot blir retta.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med Vindafjord kommune ved Vikedal skule og Ølen skule

Eventuelle pålegg vil vere retta mot kommunen som skuleeigar, og ikkje mot den enkelte skulen.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet inneber gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju. Fylkesmannen vil gjennomføre intervju med ansvarlege på kommunenivå, rektor, ansvarleg for sosialpedagogisk rådgeving, kontaktlærarar, assistentar/miljøarbeidarar, elevrepresentantar og foreldrerepresentantar.

Kommunen vil få tilsendt førebelse rapportar til gjennomlesing før sluttmøta. Dei førebelse tilsynsrapportane er å rekne som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16, og inneheld eventuelt varsel om kva pålegg om retting av regelbrot som kan bli gitt.

Kommunen kan kome med merknader til dei førebelse tilsynsrapportane. Etter at kommunen eventuelt har gitt tilbakemelding, vil Fylkesmannen utarbeide endelege tilsynsrapportar der det vil bli gitt ein frist for kommunen til å rette eventuelle regelbrot som er avdekka gjennom tilsynet. Dersom kommunen ikkje rettar dei eventuelle regelbrota, vil Fylkesmannen fatte vedtak med pålegg om retting. Vedtaket med pålegg om retting vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Dette vedtaket kan det klagast på. Utdanningsdirektoratet er klageinstans.

Tidsplan for tilsynet

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er som følgjer:

- 11.04.16 Frist for innsending av dokumentasjon og utgreiing frå skulane.
- 26.04.16 Opningsmøte og intervju - Vikedal skule
- 27.04.16 Opningsmøte og intervju - Ølen skule
- Sluttmøte Vikedal skule (tidspunkt blir avtalt seinare).
- Sluttmøte Ølen skule (tidspunkt blir avtalt seinare).

Fylkesmannen tar atterhald om endringar i denne planen, og vil halde Vindafjord kommune informert om eventuelle endringar.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber kommunen om å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegg 2 i dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av kommunelova § 60 c.

Frist for innsending er 11.04.16. Dokumentasjonen som blir send inn, kan unntakast frå offentleg innsyn i den grad dette er heimla i offentleglova.

Fylkesmannen ber Vindafjord kommune om å gjennomføre eigenvurdering i Reflex (www.reflex.udir.no). Rektor skal fylle ut eigenvurdering, samt lærarane som blir avtalt mellom Fylkesmannen og skolen. Rektor og dei aktuelle lærarane skal laste opp dokumentasjonen som det blir vist til i eigenvurderingane så langt desse er offentlege. Dersom det blir vist til dokument som er underlagt teieplikt, må desse sendast med post.

Med helsing

Hallgeir Bø
assisterande utdanningsdirektør

Lars Wetteland
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Lars Wetteland
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 29
E-post: fmrolwe@fylkesmannen.no

Vedlegg 1: Gjennomføring av tilsynet
Vedlegg 2: Krav til utgreiing og dokumentasjon frå skulane
Vedlegg 3: Rettslege krav

Kopi:
Vikedal skule Kyrkjevegen 7, 5583 VIKEDAL
Ølen skule Rådhusplassen 1, 5580 ØLEN